

- Endringar i planskildring/KU for Nesfossen:

- BYA er auka frå 35 % til 50 % etter å ha gått gjennom kva som er naudsynt for Nesfossen Smolt AS. Bioreinseanlegg har til eksempel trong for ei flate på over 2000 m².
- retta opp i skrivefeil (nynorsk/bokmål) gjennom heile dokumentet
- retta opp i feil i nokre av tema i KU - Navna på tema var feil i nokre av verdiskildringane og omfangsvurderingane
- lagt inn meir informasjon om kvifor det er naudsynt med så mykje areal som det er lagt opp til i reguleringsplanen under «3.1. Bakgrunn»
- satt inn illustrasjonar av alternativ 3 under «Alternativ som er utgreia»
- satt inn det tredje alternativet under kvart deltema og vurdert dette opp mot dei andre alternativa. Satt alternativ 3 inn i alle KU-tema
- 7.2.5 og 7.6 Endra avbøtande tiltak om to kaier - Politikarane har ynskje om ein kai og meir av areala rundt som buffer mot sjø - det avbøtande tiltaket er endra med omsyn til dette ynskjet og lagt inn at meir bufferareal rundt kaianlegga som eit avbøtande tiltak
- 9.3 - Ny illustrasjon som viser skjeringar

- Endringar i planføresegna er markert med «spor endringar»

- Endringar i plankart:

- BYA er satt til 50 %
- Byggjehøgde er satt til K + 18 moh, samstundes er det sikra at byggjehøgde er òg satt til maks 14,5 meter over planert terreng. Byggehøgda vart endra fordi ein ynskjer å la planeringshøgda vere fleksibel til mellom 2,5 og 3,5 moh
- Tilkomstveg SV2 har fått endra trasé då det er ynskje om å skilje ferskvassanlegg og saltvassanlegg grunna fiskehelse/dyrehelse
- Fjellrygg mot sjø i nord er satt til LNA8 og gjeve omsynssone H560 i likskap med resten av buffersona rundt framtidig oppdrettsanlegg.